


HUSK

Konvensjonell endring 29/5



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201200299-/GKE	30.03.2012	31730/2012/U40/&13	Lisbeth Nervik, 71 25 81 66	24.05.2012

Høyring – forslag om endring av strukturvoteordninga for konvensjonelle havfiskefartøy

Viser til høyring – forslag om endring av strukturvoteordninga for konvensjonelle havfiskefartøy frå Fiskeri- og kystdepartementet av 30.03.2012.

Saka vart behandla 21.05.2012 i fylkesutvalet for Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjeve følgjande uttale til høyringa:

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at kvotetaket for torsk og hyse i den konvensjonelle havfiskeflåten vert heva frå 3 til 5.

I forhold til ynskje om ei vurdering av ei avgrensa heving av kvotetaka for torsk og hyse frå 3 til 4, for å gje ei meir varsam strukturering, vert dette vurdert som lite hensiktsmessig.

Det er ei utfordring for dei konvensjonelle havfiskefartøya at dei fleste fartøya i dag er fullstruktureerte etter dagens ordning. Rederia har derfor små moglegheiter til å styrke driftsgrunnlaget og fangstinntektene sine på andre måtar enn ei endring i strukturvoteordninga. Tilbakemelding frå delar av næringa er at kvotetaket bør hevast til minimum 5, men mange rederi ynskjer også eit kvotetak på 6. Å heve kvotetaket frå 3 til 4 vert derfor vurdert som lite hensiktsmessig, medan eit kvotetak på 6 er for lite forankra i næringa per i dag. I forhold til kvoteprisar vert det også vurdert at eit kvotetak på 4 kan føre til auka prisar, ikkje lågare, då færre rederi ynskjer å selje kvotane sine, medan etterspurnaden etter "ein ekstra kvote" vil vere stor.

Med helsing

Joh Aasen
fylkesordførar

Bergljot Landstad
Regional- og næringsjef